

Tabell C-fk

Saker med særskild fordeling. Fylkeskommunane

Følgjande enkeltsaker ligg i tabell C i 2013:

Kol.	Sak	Departement	Beløp i 1 000 kr
<i>Forvaltningsreforma samferdselsområdet</i>			
1	Drift og vedlikehald	SD	2 787 186
2	Investeringar	SD	1 787 981
3	Styrking frie inntekter	SD	1 096 436
4	Nye fylkesvegferjer	SD	1 469 882
5	Kompensasjon NOx-avgift nye fylkesvegferjer	SD	27 926
<i>Andre saker med særskild fordeling</i>			
6	Kompensasjon NOx-avgift "gamle" fylkesvegferjer	SD	25 329
7	Ferjesambandet Svolvær-Skrova	SD	17 579
8	Skule- og studentrabatt	SD	122 801
9	Fagskular	KD	384 491
10	Tilskot til barnevern, Oslo	BLD	483 960
11	Sum		8 203 571

Tabellforklaring

Forvaltningsreforma

Forvaltningsreforma blei sett i verk frå 1. januar 2010. Ei nærmare omtale av det økonomiske opplegget for forvaltningsreforma er gitt i Prop. 1 (2009–2010) for Samferdselsdepartementet og i Prop. 1 (2009–2010) for Kommunal- og regionaldepartementet.

Kolonne 1 – Forvaltningsreforma: Drift og vedlikehald

Det er samla lagt inn 2,8 mrd. kroner til drift og vedlikehald av vegane som blei overført i samband med forvaltningsreforma. Midlane er fordelt mellom fylkeskommunane som i 2012, og prisjustert.

Kolonne 2 – Forvaltningsreforma: Investeringar

Det er samla lagt inn 1,8 mrd. kroner til investeringar på vegnettet som blei overført i samband med forvaltningsreforma. Midlane er fordelt mellom fylkeskommunane som i 2012, og prisjustert.

Kolonne 3 – Forvaltningsreforma: Vidareføring frie inntekter

Dei frie inntektene til fylkeskommunane blei styrka med 1 mrd. kroner (i 2010-kroner) i samband med forvaltningsreforma, og vidareført i 2011 og 2012. Midlane er fordelt som i 2012 og prisjustert.

Kolonne 4 – Forvaltningsreforma: Nye fylkesvegferjer

Det er samla lagt inn 1,5 mrd. kroner nye fylkesvegferjer i samband med forvaltningsreforma. Midlane er fordelt mellom fylkeskommunane som i 2012, og prisjustert.

Kolonne 5 – Forvaltningsreforma: NOx nye fylkesvegferjer

Fylkeskommunane blir kompensert for meirutgifter for avgift på utslepp av NOx frå lokale båtruter og fylkesvegferjer. Midlane er fordelt som i 2012, og prisjustert.

Kolonne 6 – Avgift på utslepp av NOx ”gamle” fylkesvegferjer

Fylkeskommunane blir kompensert for meirutgifter for avgift på utslepp av NOx frå lokale båtruter og fylkesvegferjer. Midlane er fordelt som i 2012, og prisjustert.

Kolonne 7 – Ferjesambandet Svolvær-Skrova

Ferjesambandet Svolvær-Skrova blei nedklassifisert til fylkeskommunalt samband i 2009. Midlane er fordelt som i 2012, og prisjustert.

Kolonne 8 – Skule- og studentrabatt

I budsjettet for 2003 blei midlar til skule- og studentrabatt teke ut av overgangsordninga i inntektssystemet og lagt inn i tabell C-fk med ei særskild fordeling. Midlane til studentrabatt blir fordelt mellom fylkeskommunane som i 2012, og prisjustert.

Kolonne 9 – Fagskulor

I samband med forvaltningsreforma blei drifts- og finansieringsansvaret for fagskulane overført frå Kunnskapsdepartementet til fylkeskommunane i 2010, og tilskotet blei innlemma i inntektssystemet. For 2010, 2011 og 2012 blei det gjort ei særskild fordeling av tilskotet utanfor utgiftsutjamninga på bakgrunn av talet på registrerte studentar. Det er i statsbudsjettet for 2013 gjort framlegg om at tilskotet òg i 2013 blir fordelt særskild basert på rapporterte studenttal.

Kolonne 10 – Barnevernstilskot Oslo

Den delen av det tidlegare hovudstadstilskotet på kap. 572, post 65 som er grunngjeve i Oslo sitt ansvar for den delen av barnevernet som blei gjort statleg i 2004, er flytta til post 60 Innbyggjartilskot og gjeve ei særskild fordeling. Løyvinga er føreslått auka med 1,5 mill. kroner i 2013. Dette skuldast andreårsverknaden av endringar i barnevernlova om midlertidig plassering i institusjon av barn som er utsette for menneskehandel. Endringane trødde i kraft 1. juli 2012 (jf. Prop. 43 L (2011–2012) Endringer i barnevernloven).

Kolonne 11 – Sum saker med særskild fordeling

Sum av kolonne 1–10. Summen er nytta i tabell 2-fk, kolonne 3.